

Masfjorden kommune
Bygg, eieendom og beredskap
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Bergen, 21. mars 2023

Bestilling av førehandskonferanse - Svartavassvegen

Tiltakshavar	Eviny AS
Kontaktperson	Steffen Heldal
Adresse	Svartavassvegen 622, 5984 Matredal
Gnr./bnr.	52/14
Hjemmelshaver	Eviny AS

I oppdrag frå Eviny AS ved Steffen Heldal er Artec AS innstilt som ansvarleg søkjar ved Svartavassvegen 622, gnr/bnr 52/14. Eiedommen går også under bruksnamnet Messe Gobotn. Tiltakshavar ynskjer å bruksendre eksisterande bygning frå dagens bruk som uregistrert til fritidsbustad/-eieendom. Intensjonen bak bruksendringa er at hjemmelshaver planlegg å selje hytta som fritidsbustad.

Eksisterande bygning er antatt oppført utan søknad i kraft av utbyggingskonsesjon. Hytten ble oppført i 1962 iht. tilstandsrapport, og med tilbygg frå byggeår. Hytta har fungert som messe for BKK/Eviny i forbindelse med arbeid på demningen og kraftverket. Hytta har i seinare tid fungert som firmahytte. Den tidlegaste dokumentasjonen på bruk av bygningen som firmahytte er frå 1998, då hytta (Gobotn – messe) blei utlånt til personalet i BKK (no Eviny) for påskeferie.

Hytta si utforming og utstrekning vil forbli uendra, både i form av høgde, breidde, areal. Eiedommen er ikkje tilknytt offentleg vass- og avlaupsnett. Ny registrert bruk vil vera fritidsbustad/-eieendom. Eksisterande tilkomst til hytta vil bli vidareført via privat veg, Svartavassvegen.

I førehandskonferansen ynskjer me å få avklart og diskutert følgande:

- Føresetnadane for det aktuelle tiltaket - bruksendringa.
- Krav knytt til plangrunnlag, infrastruktur, lovverk og saksgang for søknaden. Spesielt mtp. plassering i LNF-område.
- Vil det vera krav om dispensasjonar?
- Ser ein føre seg at det vil vera naudsynt å varsle naboar om bruksendringa?
- Vil det vera naudsynt/anbefalt å kartlegge eieedomsgrensa i form av kartforretning då den i dag er registrert som «mindre nøyaktige grense»?

Førehandskonferansen ynskjast gjennomført så snart som mogleg, og digitalt. Me ynskjer å stille med to personar, underteiknande og Steffen Heldal. Møteinnkalling kan sendast til rlo@artec.no og Steffen.Heldal@eviny.no

Ta kontakt dersom noko skulle vera uklårt.

ARTEC AS

Damsgårdsveien 135

5160 Laksevåg

T: 55207850

E: post@artec.no

www.artec.no

Orgnr: 841 756 142

Med venleg helsing
For ARTEC AS

Ragnhild Lien Olsen

Ragnhild Lien Olsen
M: 992 33 645 | rlo@artec.no